

Bergen, 9. april 2026

Til

Fylkesordfører Jon Askeland

Hovudutval for samferdsle og mobilitet, ved leiar Arve Helle

Hovudutval for næring, ved leiar Sigrid Brattabø Handegard

Administrasjonen i Vestland fylkeskommune, ved fylkesdirektør Robert Rastad

## Dramatisk tilstand for våre fylkesvegar i Vestland

Saka «Avvik mellom tillaten aksellast på fylkesvegane og faktisk bereevne – konsekvensar» vart lagt fram for politisk handsaming i Vestland fylkeskommune, hovudutval for samferdsle og mobilitet 08.04.2026, med vidare handsaming i fylkesutvalet 28.04.2026.

Saka byggjer på omfattande bereevnemålingar på fylkesvegnettet, gjennomførte i perioden 2023–2025.

### 60 år før jobben er gjort

Fylkesdirektøren si utgreiing og innstilling danna grunnlaget for ei større [redaksjonell sak i Bergensavisen](#) den 1. april. Der vert det løfta fram at 1 av 4 fylkesvegar i Vestland ikkje toler dagens tillatne akseltrykk på 10 tonn. Totalt er det snakk om 1200 km fylkesveg med dårleg eller svært dårleg bereevne. 8 prosent av fylkesvegnettet har *svært* dårleg bereevne, medan ytterlegare 17 prosent har dårleg bereevne.

Lastebilar og bussar blir stadig tyngre, mellom anna som følge av elektrifisering og batteripakkar. Med dagens løyvningsnivå vil ta om lag 60 år å gjennomføre vegforsterkningsprogrammet. Dette talet omfattar ikkje eingong forsterking av bruer.

Som eitt mogleg straktiltak har administrasjonen gjort framlegg om å redusere tillaten aksellast på delar av vegnettet, i praksis ved å stenge vegar heilt eller delvis for tunge køyretøy i periodar eller permanent.

### Svært store konsekvensar

Konsekvensane for næringsliv og samfunn er svært store dersom ein reduserer tillate



akseltrykk på 1 av 4 fylkesvegar. Dårlege og svake vegar hindrar effektiv bruk av modulvogntog og større lastebilar, noko som tvingar fram fleire turar med mindre køyretøy. Dette gir høgare transportkostnader, meir tidsbruk, auka drivstoffbruk og lågare produktivitet. For næringslivet langs kysten og i distrikta slår dette direkte inn i rekneskapen, i ein situasjon der marginane allereie er små.

Tungtransporten må bruke mindre køyretøy, eller køyre omvegar der dette er mogleg. Dette fører til fleire turar for samme godsmengd, høgare kostnader, auka utslepp og meir slitasje på vegane. Transportkostnadene vil i stor grad bli overførte til kundar og forbrukarar, noko som verkar prisdrivande og inflasjonsaukande.

### Svekka konkurranseevne

Vestlandet som eksport- og verdiskapingsregion vert svekka samanlikna med område med betre infrastruktur. Over tid kan dette føre til at verksemdar veljer å flytte aktivitet ut av regionen, der transportkostnadene er lågare og infrastrukturen betre.

Sårbarheita i vestlandsk infrastruktur er stor nok frå før. Vegar vert ofte stengde grunna ras, steinsprang eller uvêr, lokalsamfunn vert isolerte utan reelle omkøyringsvegar. For næringslivet fører dette til tapte leveransar, forseinkingar, og i verste fall tap av kundar og kontraktar.

Dårleg framkome svekkjer også beredskap og kan hindre uttrykkingskøyretøy frå å kome fram på oppdrag.

### Krev at staten yter meir

[Næringsalliansen Vestland](#) meiner det no er særskild viktig at Vestland fylkeskommune brukar statlege midlar med kløkt, og i størst mogleg grad på fysisk vegutbygging.

Vestland fylkeskommune må krevje at staten yter meir. Etterslepet på fylkesvegane i Vestland er særleg stort samanlikna med andre fylke, slik Statens Vegvesen har vist oss i rapporten [Vedlikeholdsetterslep fylkesveg – vurdering av utvikling 2014-2021](#).

[Forsterkningsprogrammet til Vestland fylkeskommune](#) meiner vi er eit fornuftig grep, der nye metodar skal gjere vegane stødigare, meir robuste og tole tungtrafikk og ekstremvær betre.

Det kan også vere gode grunnar til å sjå til andre fylkeskommunar. I [fylkesvegløftet](#) til Troms fylkeskommune er det mellom anna lagt til grunn at viktige næringskorridorar, samt vegar som er viktige for bu- og arbeidsmarknadsregionar, skal prioriterast.

### 3000 vestlandsbedrifter

Næringsalliansen Vestland er samansett av 17 næringsråd i heile fylket. Vi står saman om viktige saker for medlemmene våre i meir enn 3000 vestlandsbedrifter. Situasjonen med dårlege fylkesvegar i Vestland treff oss alle.

Næringsalliansen og våre medlemsverksemdar gir gjerne råd om fylket treng innspel i samband med vidare utgreiing og prioriteringar når fylkesvegane skal utbetrast i framtida. Vi har også her tru på eit breitt samarbeid om ei svært viktig sak.



Vi veit at det skal skje viktige prioriteringar inn mot komande budsjett- og økonomiplanperiode i sak om rullering av Regional Transportplan. Vi ber om at Næringsalliansen sine innspel og presiseringar vert tatt med og lagt til grunn.

På vegne av **Næringsalliansen Vestland**

Espen Børhaug  
Bergen Næringsråd

Beate Korsøen  
Nordhordland Næringslag

Kontaktinformasjon:  
espen@bergen-chamber.no  
918 45 600

*Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 17 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og meir enn 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.*

